

MØTEPROTOKOLL

Utval: Kommunestyret
Møtestad: kommunehuset
Møtedato: 01.04.2004 **Tid:** 17.00-21.25

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev .

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 21 medlemmer møtte 21, inkl. varamenn:

Desse medlemene møtte ikkje:

Jon Magne Bogevik

I staden møtte:

Marion Langhelle Pedersen

Brigt Olav Gåsdaal fekk permisjon kl 20.30. Han var då ikkje med ved handsaming av sakene 9-11
Pga. ugildskap møtte Nils Arne Teige som varamedlem i sak 8.

Andre som var tilstade på møtet:

Adm.sjef Ramsli og Ass.adm-.sjef Våge

Leiar av teknisk eining, Øyvind Haga var med under handsaming av sakene 7 og 12

Merknader:

Helge Reistad vart samrøystes valt til settevaraordførar. Sidan han var ugild ved handsaming av sak 8, fungerte Elin Liøen som settevaraordførar i denne saka.

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 5. april 2004

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og sakliste vart godkjent slik den ligg føre.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen vart godkjent.

VALDE TIL Å SKRIVA UNDER MØTEPROTOKOLL:

Helge Reistad, Arne Tverlid og Marit A. Aase

GRUNNGJEVANDE SPØRSMÅL FRÅ STURE TVEIT (H):

Sture Tveit la fram følgjande spørsmål, jfr. reglar om grunngjeve spørsmål.

”I Samningen den 4. mars 2004 kan ein lesa at det på møte i PØ tidleg i februar vart lagt fram deprimerande tal som viste eit relativt stort underskot i rekneskapen. Men så viste det seg at kommunen vart redda ved at pengar frå sal av konsesjonskraft kunne saldera 2003-budsjettet. Informasjon er viktig , og det er for meg eit tankekors at politikarar får informasjon om kommunen sin økonomi gjennom lokalavisa. Ein kan snart få ein situasjon med eit A-lag og eit B-lag av politikarar i Samnanger.

Mine spørsmål til ordføraren er:

1. Synes ordføraren det er tilstrekkeleg at kommunestyret vert informert gjennom lokalavisa om kommunen sin økonomiske situasjon?
2. Kva vil ordføraren gjera for at alle politikarar skal få nødvendig informasjon for å utføra sitt politiske arbeid?”

Ordførar svara følgjande på spørsmålet:

Sitjande kommunestyre har nyleg vedteke å vidareføra ein politisk styringsmodell med tre likestilte utval. Kommunestyret har føreteke ei **arbeidsfordeling** mellom utvala der personal- og økonomiutvalet m.a. har eit særskild ansvar for kommunen sin økonomi, oppvekst og omsorg for tenestetilbodet innan skule og pleie og omsorg, og naturutvalet er m.a. det faste planutvalet i kommunen. Denne ansvarsfordelinga inneber at det vil pågå drøftingar i utvala og berre der, fram til evt. ei sak eller eit tema skal presenterast for kommunestyret. På PØ- møtet i febr. låg det an til eit større underskot i rekneskapen for 2003, men tala var usikre og ikkje endelege. Kommunen hadde då ikkje motteke meldinga om meirinntekt på konsesjonskraft i høve til det som var budsjettet.

Kommunestyret har vedteke eit **økonomireglement** (sist revidert 18.06.02, sjå utdelt reglementsperm) der det m.a. er skissert korleis kommunestyret skal haldast orientert om og involverast i den løpande budsjettprosessen. I fylgje dette reglementet skal kommunestyret handsama rekneskap og årsmelding innan 01. mai.

Slik møteplanen er oppsett i vår, kjem ikkje rekneskap og årsmelding til handsaming i kommunestyret før junimøtet, men rekneskapen vil vera revidert og årsmeldinga klar for offentleggjing innan 01.mai.

Ordføraren har lagt stor vekt på å halda kommunestyret **informert** om pågåande diskusjonar og om viktige saker som er under arbeid. Dette vert gjort under skriv og meldingsdelen i kommunestyremøta. I særlege situasjonar vurderar og ordføraren å informera kommunestyremedlemmane gjennom gruppeleiarane eller direkte gjennom skriv/ekstra møte.

Ordføraren ser positivt på at "Samningen" er interessert i å formidla informasjon om kommunen. **Lokalavisa** skal ha skryt for dette, og det er til stor hjelp for oss, då trongen for informasjon synest å vera "umetteleg". Sidan det er lokalavisa som i mange høve tek kontakt med kommunen, er det sjølvsagt dei som set dagsorden og også bestemmer når informasjonen kjem ut, gitt at kommunen vel å svara på dei spørsmåla lokalavisa reiser. Me legg vekt på å ha ein open dialog med lokalavisa, og har ikkje problem med at kommunepolitikarane vert kjend med drøftingar internt i kommunen samstundes med innbyggjarane. Erfaringane våre med denne praksisen så langt gir ikkje grunn til å endra på dette.

Ordføraren meiner at alle politikarane i Samnanger har tilstrekkeleg informasjon i høve til dei beslutningane som den einskilde politikar skal vera med å ta. Saker som skal til handsaming skal vera fullstendig opplyste. I den grad ein politikar meiner dette ikkje er tilfelle, må det takast opp med ordførar eller leiar av det aktuelle utvalet i forkant av handsaminga.

I sist møte i utval for oppvekst og omsorg ba **Magda Haugen** om informasjon om natt-tenesta i open omsorg. Ordførar ba om å få koma attende med informasjon i kommunestyremøte.

Adm.sjefen orienterte om natt-teneste i open omsorg, jfr notat datert 01.04.04.

Det er krav om natt-teneste i open omsorg til dei kommunane som mottok tilskot til etablering av omsorgsbustadar. Det er sett av kr. 300.000 i kommunale midlar og kr. 100.000 i statstilskot til ei nattevaktordning med hovudsakleg kvilande vakt. Stillinga har vore lyst ut utan at nokon har meldt seg som søkjar. Det er trong for tilbod på natt, men trongen er ikkje så stor og vil variera. Fast nattevakt kan stipulerast til om lag kr. 800.000. Utfordringa vert difor no å finna ei vaktordning innanfor det som er behovet og økonomisk forsvarleg.

Magda Haugen viste til at ho tok opp spørsmålet på vegne av eldrerådet, og ba om at notatet vart oversendt leiar i eldrerådet.

UTVALET SITT KVARTER:

Arne Jørgensen stilte følgjande spørsmål:

- Kva aktivitet har Næringsforumet, og kven tek ansvar for å følgje dette opp ?
Ordførar sa at ho ville følgje dette opp ved m.a. å ta kontakt med leiar som ho veit er på arbeid i utlandet og av den grunn ikkje har hatt høve til å halda styremøte.
- Har ikkje kommunestyret vedteke å handsame budsjettkontrollane som eiga sak til kommunestyret, ettersom kommunen sin økonomi er ei svært sentralt problemstilling for dei folkevalte ?

Adm.sjefen viste til økonomireglementet der det går fram at adm.sjefen legg fram rapport for kommunestyret.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

- Kontrollutvalet si møtebok vart delt ut i møtet.
- Ordføraren orienterte om at Samnanger kommune har fått heidersbetegnelsen "Internasjonal kommune", ein pris oppretta av KS og Fredkorpset. Prisen vil verte utdelt i samband med 17.mai tilstelning i kommunen. Leiar i oppvekst og omsorg, Liv Berit Kvernes Khadoor orienterte om at ho og repr. for administrasjonen (flyktningekonsulenten) Eva Hellevang og helsesøster Gunn Totland Moss har delteke på møte med fredskorpset, der dei vart orientert om tildelinga.

Adm.sjef orienterte om følgjande budsjettkontrollrapport for 1. kvartal.

Budsjettkontroll pr. mars 2004 - rapport til kommunestyret frå adm.sjef 01.04.04

Ansvarsområde/eining	Status i høve til løyving	Merknader
Pleie- og omsorg	Ikkje avvik som ikkje kan løysast ved omdisponering internt i eininga	Open omsorg har eit underforbruk i høve til gitt ramme noko som skuldast at me ikkje er komen i gang med natt-tenesta
Helse	Ikkje avvik som ikkje kan løysast innan eige budsjett	
Sosial	Noko avvik, men er forventa dekkast inn på eige budsjett	Økonomisk sosialhjelp viser eit for høgt forbruk i høve til budsjettet, men det er sett i verk tiltak som eininga meiner er tilstrekkelege for å halda utgiftene på nivå med løyving
Nordbygda skule og barnehage	Ikkje avvik som ikkje kan dekkast inn på eige budsjett	
Gjerde skule og barnehage	Underdekking på skule og SFO på ca 220.000 kroner	Det er vanskeleg å sjå at det er mogleg å dekkast inn kostnaden innan eige budsjett. Avviket skuldast feilbudsjettering på arbeidsgjevaravgift og pensjon.
Ungdomsskulen	Ikkje avvik som ikkje kan dekkast innan eige budsjett	
Kultur	Ikkje avvik	Alle funksjonane ligg innanføre løyvdd ramme
Teknisk	Ikkje avvik som ikkje kan løysast innan eininga si løyving	Gunstig utvikling straum, men underbudsjettert på kommunale avgifter for kommunen sine bygg

Av større einskild saker som ligg utanom einingane sine ansvarsområde vurderar me det slik at

- ✓ Pensjonsutgiftene er underbudsjettert med ca kr 500.000
- ✓ Svikt i eigedomsskatt på kr 430.000

Oversikten i tabellen viser at det neppe er sannsynleg at me klarar å finna inndecking for meirutgiftene på Gjerde skule

kr 220.000

Det gir oss pr. d.d. ein forventa underbalanse på

kr 1.180.000

Rekneskapsoverskot frå 2003 kan nyttast til inndecking kr 310.000. Føreset me at det vert gjort har me ein ubalanse i budsjettet for 2004 på rundt 840.000 kroner som me førebels ikkje kan foreslå inndecking for. Administrasjonen fylgjer situasjonen tett, og arbeider med å finna inndecking. Sak vert fremja for kommunestyret i juni.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0005/04	04/00126 REVIDERT FINANSIERINGSPLAN BUSTADFELT LØNNEBAKKEN
0006/04	00/00247 STOLPANE SKULEHUS, FLYTTING - ALTERNATIVE LØYSINGAR
0007/04	03/00163 PRIVAT REGULERINGSPLAN FOR DEL AV GNR 17, BNR 1 PÅ ÅDLAND.
0008/04	04/00120 SERVERINGSLØYVE OG SKJENKELØYVE FOR ØL, VIN, BRENNEVIN BJØRKHEIM KRO OG MOTELL A.S.
0009/04	04/00077 SKATTEREKNESKAPEN FOR 2003.
0010/04	04/00122 KOMMUNESTRUKTUR - OPPRETNING AV PROSJEKTGRUPPE
0011/04	03/00326 VAL AV DOMSMENN 2004-2008 - SØKNAD OM FRITAK - EVT. NYVAL

0005/04

REVIDERT FINANSIERINGSPLAN BUSTADFELT LØNNEBAKKEN**Framlegg til vedtak::**

Fylgjande finansieringsplan vert gjort gjeldande for utbygging av bustadfeltet på Lønnebakken:

Lån frå næringsfond	4 700 000
Forlikfond	100 000
Salsinntekter 2003	500 000
Eksternt lån	1 250 000
Totalkostnad prosjekt	6 550 000

Handsaming i møte:

I kommunestyret sette administrasjonssjefen fram eit nytt framlegg, som inneber at eksternt lån vert auka og at fondsbruken går ned.

Det nye framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Fylgjande finansieringsplan vert gjort gjeldande for utbygging av bustadfeltet på Lønnebakken:

Lån frå næringsfond	3 530 000
Forlikfond	100 000
Salsinntekter 2003	500 000
Eksternt lån	2 300 000
Momsrefusjon	120 000
Totalkostnad prosjekt	6 550 000

0006/04

STOLPANE SKULEHUS, FLYTTING - ALTERNATIVE LØYSINGAR**Handsaming i møte:**

Sture Tveit sette fram følgjande framlegg:” Stolpane skulehus vert flytta til tomt ved Nordbygda skule. Alternativet som vert nytta er å transportere huset ”i heilo”.

Administrasjonen arbeidar fram fullstendig finansierings-plan til møte i juni – heri medrekna statleg eller andre tilskotsmidlar.”

Magda Haugen bad om gruppemøte.

Magda Haugen sette fram følgjande framlegg til vedtak:” Stolpane skule vert rive og fjerna frå tomten. Samnanger kommune skal ikkje nytta midlar på huset.”

Audhild Olsnes sette fram følgjande vedtak:” Skulehuset på Stolpane vert flytta snarast mogleg til Nordbygda skule. Dette skal skje ved at ein flyttar huset i heilskap. Utrydding frå huset og nedtaking av hellene kan verta gjort på dugnad. Kommunen sit av inntil kr. 150.000,-, frå kapitalfondet til flyttinga. Kulturkonsulenten arbeidar vidare med ein finansieringsplan, og denne vert lagt fram til vedtak i kommunestyret 17.06.04.”

Sture Tveit trekte sitt framlegg.

Det vart røysta alternativt over framlegga til Olsnes og Haugen.

17 røysta for Olsnes sitt framlegg som vart vedteke. 4 som røysta for Haugen sitt framlegg.

Vedtak:

Skulehuset på Stolpane vert flytta snarast mogleg til Nordbygda skule. Dette skal skje ved at ein flyttar huset i heilskap. Utrydding frå huset og nedtaking av hellene kan verta gjort på dugnad. Kommunen sit av inntil kr. 150.000,-. Frå kapitalfondet til flyttinga.

Kulturkonsulenten arbeidar vidare med ein finansieringsplan og denne vert lagt fram til vedtak i kommunestyret 17.06.04.

0007/04

PRIVAT REGULERINGSPLAN FOR DEL AV GNR 17, BNR 1 PÅ ÅDLAND.

Framlegg til vedtak::

Naturutvalet tilrår at kommunestyret vedtek privat reguleringsplan med føresegner for del av gnr. 17, bnr. 1 på Ådland.

Handsaming i møte:

Brit Olav Gåsdaal bad om å få permisjon frå resten av møtet og gjekk ifrå kl. 20.30.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kommunestyret vedtek privat reguleringsplan med føresegner for del av gnr. 17, bnr. 1 på Ådland.

0008/04

**SERVERINGSLØYVE OG SKJENKELØYVE FOR ØL, VIN, BRENNEVIN
BJØRKHEIM KRO OG MOTELL A.S.**

Framlegg til vedtak::

Under føresetnad av at det vert nemnd opp vikar for styrar vert Bjørkheim Kro og Motell a.s. gitt serveringsløyve med Kjersti Gjerde Stikholmen som styrar. Løyve gjeld og uteservering.

Bjørkheim Kro og Motell a.s. vert gitt løyve til å skjenka øl og vin frå kl 12.00 til kl 01.00 alle dagar og for brennevin frå kl 13.00 til kl 24.00 alle dagar. Styrar for skjenkeløyve er Oddny Thunestvedt med Nina Gjerde som stedfortredar. Løyve gjeld og uteservering.

Handsaming i møte:

Helge Reistad bad om å verte vurdert som ugild fordi han er styremedlem i bedrifta. Han vart samrøystes funnen ugild. Nils Arne Teige møtte som varamedlem for han. Elin Liøen vart oppnemdt som settevaraordførar.

Sigmund Dyrhovden bad om punktvis røysting.

Det vart røysta punktvis.

Første avsnitt vart samrøystes vedteke.

14 røysta for andre avsnitt medan 6 røysta imot. Andre avsnitt vart vedteke.

Vedtak:

Under føresetnad av at det vert nemnd opp vikar for styrar vert Bjørkheim Kro og Motell a.s. gitt serveringsløyve med Kjersti Gjerde Stikholmen som styrar. Løyve gjeld og uteservering.

Bjørkheim Kro og Motell a.s. vert gitt løyve til å skjenka øl og vin frå kl 12.00 til kl 01.00 alle dagar og for brennevin frå kl 13.00 til kl 24.00 alle dagar. Styrar for skjenkeløyve er Oddny Thunestvedt med Nina Gjerde som stedfortredar. Løyve gjeld og uteservering.

0009/04

SKATTEREKNESKAPEN FOR 2003.**Handsaming i møte:**

I møtet vart det informert om kontrollutvalet sitt vedtak som inneber at dei har slutta seg til revisor si tilråding.

Kommunestyret slutta seg samrøystes til revisor si tilråding om å godkjenna skatterekneskapen.

Vedtak:

Skatterekneskapen for 1. og 2. halvår 2003 for Samnanger kommune vert desidert i samsvar med revisor si melding og denne tilråding om godkjenning dagsett 4.februar 2004.

0010/04

KOMMUNESTRUKTUR - OPPRETNING AV PROSJEKTGRUPPE**Handsaming i møte:**

Ordføraren orienterte om drøftingane i politisk leiargruppe. Ho sette fram følgjande framlegg: ” Politisk leiargruppe inkl. ordførar vert prosjektgruppe i arbeidet med kommunestruktur.

Administrasjonssjefen er sekretær for gruppa.”

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Politisk leiargruppe inkl. ordførar vert prosjektgruppe i arbeidet med kommunestruktur.
Administrasjonssjefen er sekretær for gruppa.

0011/04

VAL AV DOMSMENN 2004-2008 - SUPPLERINGSVAL**Handsaming i møte:**

Magda Haugen sette fram slikt framlegg:

Som erstattar for Knut Arne Frøland vert Nils Inge Teige vert vald til meddommar i tingretten

Som erstattar for Knut Arne Frøland vert Svein Oldervoll Aadland vald til jordskiftedommar

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Som erstattar for Knut Arne Frøland vert Nils Arne Teige vald til meddommar i tingretten

Som erstattar for Knut Arne Frøland vert Svein Oldervoll Aadland vald til jordskiftedommar